



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 28.09.2016

Sak nr.: 15/8818-25

Internt l.nr. 32732/16

Sak: 97/16

Tittel: Reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

Endringsframlegg:

Venstre la fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei politisk sak om grøn finansforvaltning i Sogn og Fjordane fylkeskommune i løpet av fyrste halvår 2017. Føremålet med grøn finansforvaltning er å gi ein betre klima- og miljøeffekt av fylkeskommunen sine finansplasseringar utan at dette går ut over avkasting og risiko. Døme på grøn finansforvaltning kan vere reglar som hindrar eller avgrensar plassering av finansporteføljen i selskap innanfor fossil energi/industri, eller auka bruk av grønne obligasjonar.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Vidare vart det røysta over Venstre sitt framlegg om tilleggspunkt. Dette fekk 1 røyst, frå Gunhild Berge Stang, og fall.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.